

Referat frå bygdamøte i Fjærland,

5.2.26 kl. 20 på bygdauset

Eivind ønske velkomen, ca 20 personar møtte opp. Avisar var invitert men tok ikkje turen. Møtet vart teke opp til intern bruk.

Alternativ til facebook. Det er kome ønske om å bruke andre ting enn Facebook til å kunngjera arrangement. Eivind bed organisasjonar og lag om å henge opp plakatar som minimum. Informerer om nettsida til bygdalet (bygdalet.fjerland.no). Spørsmål om kvifor den heiter bygdalet og ikkje bygdautvalet. Eivind fortel at adressa vart vald fordi Fjærland i seg sjølv er heile bygdalet, og utvalet er dei som sit i styret. Forslag om namneendring for å unngå forvirre folket. Eivind seier at baa adressene kan brukast.

Presentasjon av ein ny plattform som ikkje er facebook, som lag og organisasjonar kan bruke til å annonsere arrangement og anna som skjer i bygda: Fjerland.no, ei nettside der alt ligg. Alt frå skylagring, epost til eit alternativ til facebook. Eivind kan kontaktast for å få tak i brukarnavn og passord. Serveren er stasjonert på bygdauset. Du kan få eigen e-post og innlogging til alle funksjonane på nettsida.

Eit anna alternativ er nettsida til Sogndal kommune, som har ein «kva skjer-spalte» og ein app. Her kan ein spreie arrangement.

Info frå Jarle

Valnemda slit med å få personar til å sitje i bygdautvalet. Han oppmodar folk til å stille og til å spørje folk dei kjenner. Eivind minner om at alle over 15 år kan sitje i utvalet.

Arnholdstiftinga

Laura informerer om Arnhold-stiftinga, kapital på 10 millionar som skal brukast opp innan 2055.

Formålet med stiftinga er å gi midlar til tiltak som kjem bygda til gode, tiltak som aukar arbeidsplassar, trivsel, tiltak som støttar reiselivsnæringa og andre ting som kjem bygda til gode. Styreleiar er Gunnar Bøyum. Monica Strømmen Skeide, Aamund Mundal, Arne Skjelten og Laura Kvamme er medlemar. Framtidige medlemar vert valde på årsmøte til bygdalet. Me får meir informasjon om kva ein kan søke på, på årsmøtet til bygdalet 24. feb. Det er bestemt det skal vere to søknadsfristar pr. år. Den første vert 30. april.

Fjordviten

Frå styret i Fjordviten stilte Marianne, Jens Roar og Olav. Marianne informerer om kvifor vi treng eit fjordsenter i Fjærland. Folk flest veit lite om fjorden, korleis vår aktivitet påverkar korleis den verkar, og korleis fjorden si fotosyntese fungerer i lag med det som skjer på land. Vi treng eit fjordsenter slik at dei komande generasjonane og me som lever no har nok kunnskap til å ta vare på fjorden.

Olav fortel om historia bak fjordsenteret. På ein møte i 2017 kom det fram at bygda ønske meir aktivitet i Mundal, og fekk difor eit mandat frå bygdalet til å arbeide vidare med dette. Det vart litt treig oppstart grunna covid-19 og krigen i Ukraina.

Jens Roar informerer om korleis bygget er tenkt. Det var viktig med universell utforming på bygget. Dei har teke høgdebegrensing i Tor-løa. Bygget slik det er teikna no går 30m ut i fjorden.

Pause etter info-øktene. Debatt etter pausen.

Eivind minner om at me tek debatten på sjølve møtet og ikkje på nett i etterkant. Facebook, til dømes, er ein reklameplattform og ikkje eit debattforum. Det ikkje er der me bestemmer ting. Det er på møte som dette me diskuterer og kjem fram til noko.

Bjarte stiller spørsmål om utforminga på bygget er bestemt, både plassering og arkitektur, og kva det skal inneholde som skal dra folk til akkurat dette bygget.

Svaret er som følgjer, endingar er mogeleg. Kom gjerne med innspel til endringar. Dei held i utgangspunktet fast i bygget slik det er tenkt, men tek gjerne innspel og gjer små endringar etter behov. Det faglege innhaldet er dei komne så langt med at dei har strukturert innhaldsrammer og struktuurrammer. Dei vil formidle via sansar i eit rom, og følelsar i eit rom. Ein treng fleire ressursar inn skal ein greie å kome på detaljnivå.

Knut P. poengterer at han ikkje er redd for å fornærma folk. Han er imponert over folk som gidd å bruke tid og energi på slike prosjekt, og beundrar arbeidsinnsatsen til styret. Trafikkproblemet trur han er mogeleg å løyse. Knut er skeptisk til den moderne arkitekturen i bygget, og korleis bygget ikkje er tilpassa omgjevnadene rundt. Bygget bryt til ein alt for stor grad resten av sentrum, og han ønskjer ein bygning som er meir tilpassa bygningsmiljøet i resten av bygda. Knut anerkjenner at bygningsmiljøet i Mundal ikkje er heilt einsarta, og peikar på at bygda har nok signalbygg: Kyrkja og hotellet.

Jarle kommenterer at han er einig med Knut, men påpeikar at på møte i 2018 vart langt fram eit alternativ til eit bygg som såg ut som ei naustrekkje han meiner hadde eigna seg meir. Jarle er bekymra for parkering og trafikk, og at det er bygda eller kommunen som skal ordne dette er ikkje rett. Plan for trafikk er noko av det første som burde vere på plass for nokon som prøver å få til noko.

Svaret er som følgjer, det var to firma som gav forslag til teikning. Det eine forslaget var i stil med det som er valt til no, og det andre hadde form som ei naustrekkje. Dette vart ikkje valt fordi det tok opp omtrent alt areal på ferjekaien. Begge firmaa teikna gratis for stiftinga. Det er ikkje blitt sjekka opp i kva som står i møterefateret frå møtet i 2018. Styret ynskjer meir konkrete forslag på kva som er eit meir egna bygg. Kommunen hadde ingen kommentarar til korleis det påtenkte bygget er teikna. Knut ønskjer seg naustrekka.

Anders K. tykkjer det manglar litt kritiske betraktningar, som om at Marheim skal «redde» Mundal. Ein må passe på at det nye ikkje øydelegg det som alt er der. Ein er redd at kjem dette senteret øydelegg meir for det som alt er der, samstundes som det øydelegg det fine visuelle naturbiletet. Han nemner særleg innseglinga inn fjorden og utsikta frå Homraneset, og meiner fjordsenteret vil bli alt for stort og prangande og øydeleggje utsikta den vegen. Er dette prosjektet eigentleg forankra i bygda? Han saknar ei løysing på trafikken før prosjektet går vidare, slik at det ikkje bidreg til å forverre situasjonen.

Styret i fjordviten har ikkje følt før no at dei har fått noko kritikk før no, anna enn litt snakking på bygda.

Proessen når det gjeld lokal forankring har vore for dårleg. Å ta opp saka med kommunen er ikkje nok, dei som sit i kommunen er ikkje fjærlandingar.

Ivar Erlend meiner Fjordviten vil vera eit bidrag til masseturisme som kan øydeleggje meir enn det gjer godt. Olav refererer til eit tenkt trafikketal på omtrent 40.000 i året, og seier bremuseet har dobbelt så mykje. Han synest ikkje dette gjestetallet er masseturisme. Ivar Erlend er kritisk til storleiken på bygget.

Eline seier at det nok ikkje har vore enkelt å starte eit slikt prosjekt under korona. Me har hatt nokre rundar med snakk om signalbygg. Eline saknar skikkelege skisser som er meir reelle i forhold til resten til bygda og plasserer bygget i landskapet, slik at det er lettare å sjå korleis det påverkar heile inntrykket av Mundal. Ho ønskjer at bygget skal supplere det som er, og få Mundal til og skine meir, utan å overta fokus heilt. Eline oppfordrar parkeringsnemda til å sjå vidare, og korleis dei har teke inn dette i sine planar.

Styret merkar seg at dei ikkje har forankra planane nok i bygda, så dei takkar for alle tilbakemeldingar dei får på dette møtet. Dei vil ta med seg innspela dei får på møtet vidare i si planlegging. Olav minner om at namnet på prosjektet lenge har vore Fjordviten, og at Marheim var i bruk heilt i starten.

Laura Kvamme, som næraste nabo til tomte det planleggast å byggje på, er positiv til fleire arbeidsplassar i bygda. Ho oppfordrar styret til å sjå meir på bygget, kanskje det kan stå meir på land eller verte bygd mindre.

Jarle meiner bubiltrafikken er ein viktig del av besøkstalet til fjordsenteret. Bjarte er glad for at Fjordviten samarbeidar med bokbyen om t.d. forsamlingslokale. Og om det er mogeleg å ha endå meir samarbeid med bokbyen og til dømes ha utsal i det nye bygget slik at ein kan nytte arealet der bokbyen no er til meir parkering. Samspel med andre bedrifter er veldig viktig.

I utgangspunktet har dei kun samarbeid med bokbyen om forsamlingslokale, og har ikkje vore i dialog med bokbyen om anna samarbeid. Dei er opptekne av at dei ikkje skal konkurrere med dei eksisterande bedriftene som t.d. Inkåleisen eller hotellet. Fjordviten må ha 30.000 gjester i året for å gå rundt, og satsar på ca. 40.000 besøkjande i året.

Fjordviten ønskjer at dei skal kunne tilby 3 heilårsarbeidsplassar. Ivar Erlend lurar på om vitskapen er tenkt brukt som ei skalkeskjul for masseturisme. Olav svarar at utstillingane fyrst og fremst er bygde på tilgjengeleg kunnskap og vitskap på området.

Eivind gjer framlegg til ei oppsummering av debatten: Møtelyden er positive til at Fjordviten prøver å få til heilårsarbeidsplassar i Fjærland. Styret får ros for å ha arbeidd med det over lang tid. Det er ein god del kritikk både mot prosessen knytt til forankring i Fjærland, mot manglande planlegging av parkerings- og trafikkutfordringar, og mot bygget og inngrep i lokalmiljøet slik det er teikna no. Det er tydeleg ynskje om eit bygg som går meir inn i bygningsmiljøet i Mundal, og som ikkje øydelegg inntrykket av Mundal og Fjærland som ein roleg, idyllisk stad, men det er delte meiningar om sjølve utforminga av bygget. Møtelyden er oppteken av at Fjordviten må spela på lag med det som er av næringsverksemd i Mundal. Sidan prosjektet starta, har det skjedd ein del endringar der. Det same gjeld endringar i trafikk mønsteret. Møtelyden ber styret i Fjordviten ta desse endringane inn over seg i vidare planlegging.

Ingen motsegner mot oppsummeringa. Folk takkar for godt møte.

Møtet slutt ca. 22:15.

Referent: Grete/Eivind